

# MÅLRØRSLA FØR 1930

Av Oddmund Hoel

Den organiserte målrørsla før 1930

## Frå al-Qaida til US Army

Sidan me no er inne i hundreårsdøgeret, var det umogleg å ikkje falla for freistinga til å gå inn på kva som hende den helga i 1906. Isolert sett var skipinga av Norigs maallag ei februar natt i 1906 mest eit arbeidsuhell. Men hendinga var òg del av ei langvarig oppbygging og omstrukturering av målrørsla, og målmannsstemna 1906 er ein utmerka inngang til å forstå denne prosessen. Det er den organiserte målrørsla på nasjonalt plan og særleg Noregs Mållag det vil dreia seg om, ikkje korleis ein nynorsk skriftkultur vart etablert og vann seg eit rom, altså den ytre målreisingshistoria. Så om nokon etterpå tykkjer at dette vart nærsynt, var det òg meininga.

Målrørsla hadde i stor grad funne forma si ved utgangen av 1920-åra, så den nye arbeidstittelen min kom i skade for å bli «Den organiserte målrørsla før 1930 – frå Al-Qaida til US Army».

### Maalmannsstemna 1906

Kvifor vart det eit målstemne i februar 1906?

Det var skapt ein politisk situasjon gjennom 1905, både av den breie nasjonale mobiliseringa og striden om styreforma. Dei sentrale strategane i målrørsla såg at dette kunne utnyttast til nye framstøytar for målreisninga etter at nynorsken ei tid hadde vore i tydeleg medvind. «Kva hev maalmennene no aa gjera?» var emnet på eit stort allmannamøte for målfolk i Oslo som Studentmaallaget fekk i stand i Turnhallen 23. november 1905, ti dagar etter republikkrøystinga. Det sentrale spørsmålet vart raskt kva krav målfolket skulle stilla til partia i samband med stortingsvalet hausten 1906, og tanken om eit nasjonalt og representativt målstemne for å leggja press på partia (eller rettare: partiet – Venstre) kom då raskt opp.

Unionsradikalaren Johan Castberg hadde arbeidd tett saman med Studentmaallaget, Norigs ungdomslag og resten av det republikanske norskdomsmiljøet hausten 1905. Tidleg i januar programfeste det austlandsdominerte partiet hans, De forenede norske arbeidersamfund (arbeidar-demokratane), «Det norske sprogs gjenreisning», som det

fyrste partiet med ein målpost på programmet. Dette var stemmefisking i rørt Venstre-vatn og ei utfordring av det tette tilhøvet mellom målrørsla og Venstre. Det vart raskt klårt at Venstre skulle ha landsmøte 5. februar, og den 16. januar prenta *Den 17de Mai* den offisielle innbydninga til målstemnet, underskrive av 54 kjende målfolk og politikarar. Alle mållag og ungdomslag vart inviterte til å velja utsendingar, og i tillegg kunne «kjende maalmenn møta utan fullmakt fraa noko lag».

Drygt 130 utsendingar melde seg på – langt meir enn tilskiparane hadde venta seg. Laurdagskvelden heldt Bonde-ungdomslaget fest, og om ettermiddagen søndag 4. februar opna utsendingsmøtet i Turnhallen. Hovudtalar Marius Hægstad var professor i landsmål og dialektar og hadde den fremste offisielle landsmålsposisjonen på den tida. Han tala for obligatorisk sidemål i gymnaset, som var kravet som måleliten i hovudstaden på førehand hadde blinka ut som neste store sak som skulle vinnast. Det vart eit langt og friskt ordskifte som eg skal koma tilbake til, men det enda med eit samrøystes krav om obligatorisk sidemål i gymnaset.

Mellom 1 og 2 på natta hende så det me feirar no. Alt i det fyrste innlegget etter Hægstad si tale hadde leiaren for målrørsla vestafjells, Gula Tidend-redaktør Johannes Lavik, gjort det klårt at «Sendemennene skulde ikkje gå frå ein annan fyrr me hadde» ein målsamskipnad. Ordstyraren, Oslo-advokaten Fredrik Voss, bad talarane halda seg til programframlegga, og responsen var ikkje stor. Men då programmet var vedteke ein gong etter klokka 1, tok Lavik ordet att og «minna um at me måtte skipa ein organisation.» Det fanst to måtar å gjera det på, ei nemnd eller skipa eit mållag, og det siste var best, meinte han. Ordstyrar Voss ville heller halda fram møtet kl 10 dagen etter. Det var greitt for Lavik, men ikkje for andre, for då byrja Venstre-møtet. Fleirtalet røysta difor for å halda fram møtet, og Lavik las opp framlegg til førebelslover for Norigs Maallag. Dei hadde

han laga dagen før saman med ein del utsendingar frå Agder og Vestlandet.<sup>1</sup> Oddmund Vik, sentral venstremann og bladstyrar for Stavanger Avis, lurte på om dette var eit nytt politisk parti. Det var eit relevant spørsmål sidan den nye valordninga hadde gjort at mellom anna fråhaldsfolket nyleg hadde skipa sitt eige parti. Men det var det ikkje, og Vik slo seg til ro med det. Torgeir Berulvson frå Landvik opplyste at han hadde vore med på å laga lovene, Rasmus Steinsvik og Arne Garborg heldt klokeleg kjeft og Halvdan Koht, Marius Hægstad og Klaus Sletten slutta seg til framlegget, som dermed hadde naudsynt støtte frå Oslo-miljøet. Det vart samrøystes vedteke å laga ein organisasjon, og Laviks framlegg til førebelslover vart samrøystes vedteke utan endringar. Namnet Norigs maallag hadde han truleg frå eit liknande framlegg som Bergens-målmannen Kristian Bing kom med i 1898.

Så gjorde Berulvson framlegg om Hægstad som formann, som straks vart samrøystes vald, og deretter byrja eit langt ordskifte om styrevalet som eg skal spara dykk for. Hovudmotsetninga gjekk, spissformulert, på om ein skulle ha eit styre i Oslo som kanskje kunne ha von om å få gjort noko, eller eit styre spreidd utover landet som heilt sikkert ikkje vart arbeidsført. Fleirtalet var sjølvstøtt skeptisk til Oslo og valde det siste. Så var møtet slutt. Og dagen etter programfesta landsmøtet i Venstre sidemålsstilen.

Så langt målstemna.

### Før Noregs Mållag

Jamført med andre rørsler var målrørsla etter måten seint ute med å skaffa seg eit moderne organisasjonsapparat. Dette blir endå tydelegare når me veit at Noregs Mållag ikkje var mykje å rekna med før den felles skrifvarstova

<sup>1</sup> Det har òg vorte hevda at dei laga lovene på båten. Det kan godt henda, men høver ikkje heilt med versjonen Lavik gav i *Den 17de Mai* to dagar etter.

med Noregs Ungdomslag kom i drift sommaren 1913. Ivar Eskeland (1956) har råkande oppsummert kva samskipnad det var målfolket skaffa seg den februarната i 1906: «eit slag komet som synt seg på lag kvart 3. år på den politiske himmelkvelven.» (Er det difor motivet på jubileumsfrimerket til NM er ein komet?)

Både målfolk sjølv i samtida og historikarar seinare har gjerne samanlikna målrørsla med fråhaldsrørsla og lekmanrrørsla. Det norske missionselskab var skipa alt i 1842, Den norske lutherstiftelse i 1868 og Det norske totalafholdsselskab i 1875, og i norskdomsrørsla var Norigs ungdomslag skipa i 1896. Det blir dermed eit relevant spørsmål kvifor målrørsla ikkje fekk ein landsorganisasjon før i 1906-1913. Samstundes blir det òg eit spørsmål kven som tok vare på funksjonane til det manglande landslaget i tida før – åra mellom 1878 og 1907 var trass alt fasen då målsaka fekk det avgjerande politiske gjennombrotet. Nokon må altså ha arbeidd, og arbeidd godt.

Det *politiske* gjennombrotet for målsaka var i stor grad eit resultat av eit nært hopehav med det statsberande partiet, Venstre, og med dei andre partia i Venstre-familien, som arbeidardemokratane til Castberg. Kring årsskiftet 1883-84 vart det utarbeidd utkast til lover både for det Samlags-gründaren H.E. Berner kalla «Maalven-Samlaget» og ein anonym innsendar i Fedraheimen kalla «Norsk Maalmanns-Foreining». Men eit stort målmannsmøte som Berner hadde kalla saman i Oslo i desember 1883 tok eit avgjerande strategisk val som vart styrande for målarbeidet i lang tid: Ein ville *ikkje* skipa eit eige landslag for målsaka, men arbeida innanfor Venstre, som med Venstre-historikaren Leif Mjeldheim sine ord vart «politisk skytsengel» for målrørsla. Her går det ei klår line til 1906, då landsmøtet i Venstre var styrande for tidspunktet for målstemna. og vidare til at Noregs mållag den fyrste tida ikkje ein gong sende valprogrammet sitt til Høgre og Arbeidarpartiet.

Seinare fekk då òg målrørsla svi kraftig for at ho ikkje rista av seg Venstre i tide.

Frå 1870-åra og iallfall til noko ut i 90-åra var Det norske samlaget det Kjell Haugland kallar «vikarierende hovudorganisasjon» for målreisninga. Føremålet var eigenleg å gje ut bøker, men Samlaget oppfylte behovet som både styresmaktene og målfolket hadde for eit kontaktorgan mellom stat og rørsla, og frå 1881 vart dei fleste løyvingar til nynorsktiltak kanaliserte gjennom Samlaget, særleg til publiseringarbeid og nynorsk kurs for lærarar. Dette prega òg sjølvforståinga i laget – i 1879 bad td. Samlaget om å bli oppført i Statskalenderen.

Tre nye og viktige tiltak kom i gang i åra 1894-96. For å byrja med det siste: Noregs ungdomslag (skipa 1896) hevda seg raskt på den målpolitiske arenaen. To av dei viktigaste tiltaka frå det etter måten veike NU før hundreårsskiftet var to resolusjonskampanjar for lover på landsmål og for obligatorisk sidemål i lærarutdanninga. Med NU fekk målrørsla ein brei medlemsorganisasjon med regionale og lokale forgreiningar. Når det er sagt, var det særleg Venstre som var oppteken av å stø opp om organiseringa av ungdomsrørsla – unionsspørsmålet som sigla opp frå 1891 og utetter 90-åra var her bakteppet.

Dei sentrale miljøa i målrørsla var i byrjinga overraskande lite opptekne av NU og satsa heller på to andre sentrale tiltak, dels i stillteiane opposisjon til det meir etablerte og i deira augo pompøse Samlags-miljøet. Viktigast var målavisa og den radikale venstreavisa *Den 17de Mai* som kom ut frå 1894, skipa og redigert av Rasmus Steinsvik. Posisjonen som den sterke mannen i målrørsla frå 1890-åra til 1906 fekk Steinsvik både gjennom å vera leiari for den største nynorskinstitusjonen i samtida og gjennom dei store evnene som politisk strateg. *Den 17de Mai* har heilt velfortent ein gloriøs posisjon i saga til målreisninga. Eg vil likevel streka under ei meir triviell side: Med *Den 17de Mai* fekk målrørsla

for fyrste gong eit kontor midt i Oslo sentrum. Det hadde til dømes ikkje Samlaget før i 1950-åra. No fekk målrørsla eit operativt hovudkvarter – eit nynorsk arbeidsmiljø og ein samlingsstad for målfolk, fastbuande og tilreisande, der nye måltiltak kunne klekkjast ut, kaffi drikkast, situasjonen vurderast og planar leggjast frå dag til dag.

Noko av det fyrste Steinsvik tok initiativet til, var Maalkassa, skipa hausten 1895. Steinsviks tese var at skulle ein få gjort noko, var pengar langt viktigare enn organisasjon, og dei skulle Maalkassa samla. Den mest innbringande tiltaket Maalkassa gjennomførte, var «Den norske marknaden» i Oslo i september 1898. I tre veker var det nynorsk karneval på Tivoli-området med kafe, underhaldning, utlodding og sal av «norske varor». Attåt ei svært god profilering gav marknaden over 1,1 mill kr i Maalkassa omrekna til 2006-kroner. Det var til dømes tre gonger så mykje som Steinsvik med mykje slit fekk skrapa saman i aksjekapital til Den 17de Mai fem år tidlegare og gav målrørsla ein heilt ny handlefridom.

Dei neste åra var det i stor grad Maalkassa som finansierte den sentrale agitasjonsverksemda – småskrifter og ferdatalarar – som skulle demma opp for den store riksmålsaksjonen hausten 1899. Mesteparten av pengane gjekk til Norsk maalkontor, skipa i januar 1900 med Klaus Sletten som styrar. Attåt å vera distribusjonssentral for Samlaget og agitasjonssentral, var det òg i praksis den fyrste skrivarstova for Noregs ungdomslag. Alt i 1890-åra fekk Maalkassa ein status som det reelle landslaget for målrørsla. Her fann ein alle tungvektarane i Oslo-miljøet – Steinsvik, Garborg, Gjelsvik, Blix, Løvland, Fredrik Voss. Eit døme: Då årsmøtet i Austmannalaget i 1904 bad om at det kom i stand eit landslag for målsaka, var styret i Maalkassa den sjølvsagde adressa for oppmodinga.

Trådane blir tvinna saman på målstemna i 1906. Initiativtakaren var som nemnt NU-formann og mål-

kontorleiar Sletten i eit avisinnlegg. Tilskiparar var styra i Maalkassa og Samlaget – dei sette opp saklista, la den politiske strategien for møtet, stilte med hovudinnleiar (Hægstad) og med ordstyrar (Fr. Voss, formann i Maalkassa) – dei la kort sagt alle premisser – bortsett frå éin: skipinga av Norigs maallag. Det er interessant og fører oss over på

### **Ordsiftet om eit landslag før 1906**

Det var eit kontroversielt og mykje omdiskutert spørsmål. Eg har alt peika på at planen ikkje var langt unna å bli realisert i 1883–84. På Samlagsårsmøtet 1889 var landslagsplanen igjen oppe, og igjen vart han avvist. Det var i eit redaksjonelt hjertesukk i *Fedraheimen* etter dette møtet landslagstilhengjar Garborg skreiv dei kjende orda om at «Høgre, vinstre, sosialistar, skytterlagsfolk, totalistar, misjonsvener, allesaman, parti elder sekter, dei organiserar seg og arbeider. Og det er det som gjer dei sterke. Men maalmennene dei gjeng som villdyr. Det hev aldri lukkast aa faa skikk paa dei.» Hovudgrunnen i denne fasen var «arbeid gjennom Venstre»-strategien.

I andre halvdel av 1890-åra endra dette seg. Venstrestrategien fekk eit skot for baugen i 1896 då det ikkje lukkast å samla Venstre på Stortinget om obligatorisk sidemål i gymnaset. På same tid var innføringa av nynorsk i lokalsamfunna (skule, kyrkje) så smått kome i gang, og målrørsla på lokalplan var i vekst. Kring hundreårsskiftet vart fylkesmållaga organiserte, og riksmålsaksjonen gjorde målsprøsmålet definitivt til ein kamp om opinionen, ikkje berre om politikarane, med nye krav til agitasjon og organisering. Debatten om eit landslag var no ikkje lenger eit spørsmål som primært vart drøfta internt i Oslo-miljøet, men som òg i aukande grad opptok tillitsmannsapparatet lokalt og regionalt. Det nye mønsteret var at krav, framlegg og fromme ynske om eit landslag kom frå grunnplanet medan hovudstaden gong etter gong ikkje berre torpederer

krava, men la lok på heile debatten.

Berre for å ta eitt av mange døme: I ein leiar i 1902 skreiv Steinsvik at «Ein god og kjend maalmann hev sendt oss tvo helder drjuge innlegg for den gamle tanken um ein maalfylking for heile landet» før han sabla ned tanken enno ein gong. Ingen av dei to «drjuge» innlegga kom på prent. Ideen om eit landslag vart heller ikkje nemnt med eit ord i Den 17de Mai i vekene før målstemna. Steinsvik gjekk ikkje imot skipinga av Norigs maallag på målstemna – det hadde nok i alle høve vore fåfengt i stemninga som rådde. Men under ordskiftet om styrevalet kom det klårt fram at den gamle anarkisten hadde meir sans for praktisk arbeid og effektivitet enn organisasjonsdemokrati: Steinsvik «vilde hava berre ein frå Xania, for han kunde styra åleine», fortel referatet.

Når eg legg såpass stor vekt på dette, og ikkje minst på Steinsvik si rolle, er det fordi litteraturen om målrørsla til ein viss grad har framstilt det annleis: Ein grunn til den seine landsorganiseringa skal ha vore at *desentraliserings-tanken* stod så sterkt i målrørsla – ein hadde ideologiske aversjonar mot sentral styring. Men det kjeldene viser er det motsette: Det var i stor grad det mektige sentrale miljøet som var imot ein demokratisk landssamskipnad medan ein må til det lokale og regionale tillitsmannssjiktet for å finna dei som var for.

Kva gjekk så motsetnadene i debatten på? Hovudargumentet frå fylkes- og lokalplan var enkelt, greitt og praktisk at ein trong sentral hjelp i agitasjonsarbeidet og i det arbeidet ein no stod framfor med å føra inn nynorsken i lokalsamfunna. Hovudargumentet imot var like praktisk: grunnorganisasjonen var for veik til å kunna finansiera eit landslag som kunne ha von om å få gjort noko, og då kunne det heller vera det same. I 1906 var det framleis ikkje meir enn kring 80 mållag i arbeid, og røynsleane frå den mange gonger så store ungdomsrørsla var heller ikkje gode – NU var ei hårsbreidd frå nedlegging i 1899. Fylkesmållaga

hadde dessutan meir enn nok med å halda seg sjølve i live.

Klårt er det iallfall at ingen andre miljø i rørsla hadde ressursar til å gå i gang med eit landslag utan at hovudstads-miljøet var med. Kanskje var dermed den einaste måten å realisera eit Norigs Maallag på i 1906 eit benkeframlegg på målstemnet. Det er slett ikkje sikkert me hadde hatt hundreårsjubileum i dag om ordstyrar Fredrik Voss hadde fått salen med på å utsetja organiseringsspørsmålet til dagen etter.

### **Austland mot Vestland, Oslo mot resten**

«Desentralisasjonstanken» slo derimot inn for fullt på anna vis: gjennom den sterke skepsisen til Oslo-miljøet. Skipingsmøtet valde som nemnt ei desentralisert samansetjing av styret som i praksis gjorde det til eit ubrukeleg organ. Nokre år før hadde Noregs ungdomslag nettopp av den grunnen gått *vekk* frå eit liknande prinsipp og valt dei fleste styremedlemene frå Oslo-området. Sanningas time kom òg i Noregs mållag. I 1912 vart styret samla i Oslo, og i Gula Tidend sukka Johannes Lavik: «Det var i gagnet dei i Oslo som avgjorde, og daa er det kannhenda likso godt det er so i namnet og.»

«Oslo-mot-resten»-motsetninga fall saman med ei djupare konfliktline: Vestlandet mot Austlandet (ev. Vestlandet mot resten). Det største spørsmålet på målstemna gjekk på om ein skulle prioritera arbeidet for «heilnorske» skular på Vestlandet, altså gymnas der all undervisning føregjekk på landsmål, eller om ein skulle stå på eit prinsipp om tospråkleg opplæring over heile landet. Som dei to profilerte redaktørane på kvar si side formulerte det, Lavik og Steinsvik, stod det mellom to prinsipp: å målkøyva landet eller målkøyva mannen. Sidemålsprinsippet vann, og det var i tråd med den lina målrørsla og Stortinget hadde valt for lærarutdanninga der obligatorisk sidemål vart innført frå 1902.

Denne saka reflekterte fyrst og fremst det faktumet at målreisinga hadde kome lenger på Vestlandet enn i andre

delar av landet. Det ser ein av deltakarlista på målstemna. Av dei 137 utsendingane eg har registrert, kom ¾ frå lag eller stader i austlandsfylka. Frå Sogn og Fjordane kom det til dømes berre tre, frå fylka nordafjells knapt nokon. Så tidlegare karakteristikkar av stemna som austlandsdominert er høgst råkande. Men deler ein utsendingane inn i kva fylke dei var fødde i, blir biletet eit heilt anna. Fleire utsendingar var fødde i vestlandsfylka enn austlandsfylka, og Sogn og Fjordane kjem då ut som det sterkaste fylket med (minst) 15 representantar.

Dette er berre endå eit tilskot til det veletablerte biletet: Alt før hundreårsskiftet ser ein tydeleg konturane av det som i dag er det nynorske kjerneområdet. Mange av spenningane i målrørsla dei neste tiåra kan tolkast ut ifrå denne geografiske utakta – altså forspranget til vestlendingane. Viktigast var rettskrivingsstriden i mellomkrigstida, som meir enn noko anna må sjåast som ein strid mellom eit tradisjonalistisk ynske om stabilitet i norma i dei områda der nynorsken alt hadde vunne fram kontra eit ynske om å ta inn regionale dialektdrag for å gjera nynorsken meir tiltalande i dei områda han ikkje stod sterkt.

### Oppbygginga av Norigs maallag

At det skulle ta seks-sju år før NM kom i noko som likna vanleg drift, kom nok mykje av at hovudstadsmiljøet fekk tredd NM ned over hovudet utan å ha noko eigarskap til landslagstanken og utan at skipinga var skikkeleg gjennomtenkt og planlagt.

Frå 1912 vart det derimot lagt planar for ei systematisk oppbygging og sterk satsing på Norigs maallag, og ti år etter såg den organiserte målrørsla heilt annleis ut. Det siste eg skal gå inn på er kvifor *nokon* etter kvart valde å satsa alle klutar på Noregs mållag. For det fanst alternativ, og det viktigaste heitte Norigs ungdomslag.

Igjen kom krava om ei styrking av sentralorganisasjonen

nedanfrå. Dei som på sentralt hald tok det avgjerande grepet om Noregs mållag, var trioene som vart formenn på rekkje og rad i NM 1909–1917 og elles dominerte styret, nemleg Jørgen Løvland, Nikolaus Gjelsvik og Fredrik Voss. Dei hadde ein interessant ting sams: Saman med Steinsvik utgjorde dei brorparten av styret i Maalkassa i mange år fram til laget sovna då dei prioriterte NM etter 1910.

Tek me ein omveg attende til 1906, skjedde det noko som i denne samanhengen var vel så viktig som skipinga av NM: Nikolaus Gjelsvik vart i august formann i Norigs ungdomslag. Han hadde spela ei tilbaketrekt rolle på målstemna, men var ein av tungvektarane i målmiljøet i Oslo som formann i Samlaget og styremedlem i Maalkassa. NU var opphavleg lærarane sitt prosjekt frå botn til topps. Gjelsvik var fyrste målakademikar i formannsstolen og markerer den definitive overgangen frå lærarstyre til akademikarstyre. I Samlaget vart Gjelsvik formann i 1903, i NM kom han inn i styret ved skipinga, og attåt styrevervet for Maalkassa var han leiar for styret i Norsk målkontor. I åra 1912–15 var Gjelsvik formann i Samlaget, NU og NM samstundes. Det har ingen prøvd seinare, og det kan vera like greitt, for etterpå måtte dei samla inn pengar i rørsla til rekreasjonsopphald for han.

Skal ein setja 1906 på formel, var det organisasjons-skeptikaren Steinsvik ut, organisasjonsbyggjaren Gjelsvik inn. Frå 1906 vart sentrallekken i NU systematisk bygt opp med alle teikn på moderne organisasjonsdrift, og det meste vart nokre år seinare kopiert i styrkinga og drifta av Norigs maallag. Gjelsvik fekk sendt ut rundskriv til ungdomslaga, han kravde rapportar tilbake, gav ut fyldige prenta årsmeldingar med rapportar frå alle fylkeslag og talar og føredrag. I store opplag kom skrifter i seriane *Fyredrag aat ungdomslag* og *Norske Folkeskrifter*.

Viktigast var likevel økonomiarbeidet, og eit omskifte kom her med den store riksmålsaksjonen hausten 1908.

Som sist (1899) stod Bjørnson i spissen, og målet fram mot stortingsvalet 1909 var å få stogga iverksetjinga av sidemålsordninga og elles få reversert alle lover og vedtak som gav nynorsken rom i offisielt liv, frå og med jamstelingsvedtaket.

Den avtroppa statsministeren Løvland, framleis omgjeven av 1905-auraen, tok på seg rolla som offentlig frontfigur for målrørsla frå hausten 1908 og reiste land og strand rundt på agitasjonsoppdrag. Gjelsvik utnytta situasjonen med å få til ein «offerdag for målarbeidet» i ungdomslag og mållag hausten 1908, og suksessen vart i fyrste omgang gjenteke i 1909 og 1911. Mykje pengar kom inn, og dei vart ikkje kanaliserte inn i NU og NM, men inn i «Upplysningsfondet for maalarbeidet» som Maalkassa, NU og NM skipa i lag. Dette vart viktig, for det var her det økonomiske grunnlaget vart lagt for den felles skrifvarstova for NM og NU som kom i gang frå sommaren 1913 med Edvard Os som skrifvar. I realiteten innebar denne konstruksjonen at grunnorganisasjonen i storebror NU i stor grad subsidierte drifta i av NM. Frå 1913 kom òg Bodstikka ut som felles medlemsblad for dei to organisasjonane. Ikkje før i 1956 fekk NM si eiga uavhengige skrifvarstove.

Det prinsipielt nye med omskipinga av NM 1912–20 var at NM sentralt no byrja å sjå målarbeidet på lokalplan som sitt ansvar attåt det sentrale politiske arbeidet. Nøkkelen i apparatet som vart bygt opp mellom sentralleinga og lokallaga, var dei regionale mållkontora. Det vestlandske maalkontor var alt skipa i 1904, og i åra 1917–35 kom det i gang ti nye, sju av dei fram til 1922.

Nøkkelen var igjen økonomien. Offerdagane kasta mykje av seg, men viktigast og sikrast vart inntektene frå lagsbruka. I 1901 opna den fyrste Kaffistova i Oslo, og alt i alt kom det i drift over 200 bedrifter eigde av ungdomslag og mållag. Dei sentrale organisasjonsstrategane kom raskt på ideen om å skattleggja desse (årsmøtet 1912), og i 1918

kom prinsippa for ein lagsbruksskatt på plass, sjølv sagt etter mykje støy. I fleire tiår vart dette viktigaste inntektskjelda for NM og NU.

Edvard Os blir gjerne dregen fram som den vidgjetne – og illgjetne – hovudmannen bak den storfelte organisasjonsbygginga mellom 1913 og 1925. Men Os kan ikkje nemnast utan Gjelsvik. Gjelsvik var generalen som tok initiativa og la planane, premisløytnant Os var – bokstaveleg tala – underoffiseren som sette dei i verk. Det var frå Gjelsvik Os overtok styringsprinsippet om at «det er betre å ro rette leidi med lite mannskap enn range leidi med stort». Medlemstalet var underordna *aktiviteten*, og oppskrifta var organisering nedanfrå kombinert med hard styring og samordning ovanfrå.

I 1926 hadde Noregs mållag fått nok av Os, men institusjons- og organisasjonslandskapet i målrørsla på det tidspunktet er til å kjenna seg att i. Endringane fram til dette stadiet kan karakteriserast med to stikkord, *ekspansjon* og *differensiering*.

Ekspansjonen kom både til uttrykk gjennom sterk vekst i grunnorganisasjonen – medlemstal og ikkje minst aktive lokallag – både i Norigs maallag og Norigs ungdomslag, og ved at det kom til ei rekkje nye institusjonar og organisasjonar.

Det siste var knytt til differensiering: Ein fekk både ei klårare arbeidsdeling i målrørsla og ei sterkare profesjonalisering. Norigs maallag konsentrerte seg om det målpolitiske arbeidet sentralt og på lokalplan. Norigs ungdomslag let i stor grad NM ta seg av den språkpolitiske aktiviteten og tok seg av anna kultur- og opplysningsverksemd. Opplæringa i nynorsk for vaksne, som tidlegare var eit stort satsingsfelt for den friviljuge målrørsla, vart i stadig større grad teken over av det offentlege utdanningsvesenet di fleire kull som gjekk i nynorske folkeskular, på lærarskular og ikkje minst på dei offentlege landsgymnasa (det fyrste på Voss 1916).

Publiseringarbeidet vart i aukande grad teke over av eit nettverk av forlag og av private avisutgjevarar – NU kanaliserte til dømes meir og meir av utgjevingsverksemda si inn i vanlege forlag. Rett nok var NM inne i skipinga av Noregs Boklag 1922 og dagsavisa *Norsk Tidend* 1935, men publisering vart aldri eit satsingsfelt. Ei rad andre institusjonar innanfor kulturarbeid og næringsdrift kom til: Det norske teatret (1913), Norsk måldyrkingslag, lagsbruka (over 200), bankar og forsikringsselskap (Andvake) som hadde nynorsk føremålsparagraf og målfolk i leiinga og såleis må reknast som ein del av målrørsla.

### Avrundning

Målrørsla kan fram til 1906 og eigenleg til 1913 mest samanliknast som eit nettverk med ei rad institusjonar, organisasjonar og personar som arbeidde kvar på sine og dels på andre sine felt i eit heller diffust samspel, men likevel stort sett med same retning, altså ei slags Al-Qaida-organisering. I så fall var vel Steinsvik bin Laden, som hadde eit (einvegs) informasjonsnettverk og no og då sende ut eit kommuniqué som dei lokale gruppene i større eller mindre grad brydde seg om.

Gjelsvik og Os sette seg føre å omdanna dette landskapet etter ein mal mykje inspirert av militære organisasjonsformer. Eg finn grunn til å streka under det militaristiske innslaget nettopp fordi det er så framand for oss i dag og var så langt framme i samtida. Dette greip inn på alle plan i målrørsla – både det ideologiske, praktisk-politiske, retoriske og organisatoriske og alliansebyggjande. Dette var ein arv frå unionsradikalismen fram mot 1905 då sentrale miljø i norskdomsrørsla gjekk sterkt imot Karlstad-forliket. Oberst Georg Stang, som fekk bygt grensefestningane, var ein stor helt i norskdomsrørsla. Det same var oberst Henrik Angell som var vonbroten over at det ikkje vart krig i 1905. Den forsvarsvenlege og dels militaristiske lina

hadde seinare gode år i opprustinga fram mot Fyrste verdskrigen, og Noregs ungdomslag fekk i mange år tilskot frå Forsvarsdepartementet til opplysningsarbeid. I 1908 vende Forsvarsdepartementet seg til Samlaget for å få sett av tid til skyteøvingar på nynorsk kursa som laget skipa til om sommaren, og Olav Midttun vart offentleg godkjent som skyteinstruktør. Dette må ein sjølvsagt sjå i lys av den militariserte stemninga som rådde i samtida. Men eg trur heller ikkje det skal undervurderast som ein av fleire grunnar til at målrørsla i ei årrekkje hadde eit konfliktfylt tilhøve til den pasifistisk orienterte arbeidarrørsla.

Utgangspunktet mitt – kvifor Noregs Mållag vart skipa i 1906 og ikkje tidlegare, er berre ein av fleire måtar å sjå det på. Eit like relevant spørsmål er det kvifor eit eige landslag særskilt for målreisinga i det heile kom i stand. Meir konkret: kvifor satsa ikkje målfolk på det mykje større Noregs ungdomslag som den breie medlemsorganisasjonen med ansvar for det lokale målarbeidet framfor å spreia ressursane på to organisasjonar. Spørsmålet er endå meir relevant når ein ser på korleis dei to tvillingorganisasjonane vart drivne, med sams skivar, kontor, medlemsblad og til dels samlokalisering av årsmøta og med store overlappingar i tillitsmannsapparata. Mange lag var jamvel med i båd organisasjonar.

Igjen trur eg målstemnet i 1906 kan gje oss ein peikepinn. Både mållag og ungdomslag var bedne, men om ein tek dei 95 utsendingane som sikkert kan plasserast i eit lag, er biletet eintydig: Trass i at det fanst ti gonger så mange ungdomslag som mållag, kom 2/3 av utsendingane frå mållag. Med andre ord: målaktivistane hadde i stor grad alt skilt seg ut i eigne organisasjonar både lokalt og regionalt. Både sentrallækken og mange ungdomslag og fylkeslag arbeidde ihuga for målsaka. Men i tevling med andre saker og arbeidsfelt stod målsaka alt i alt for veikt i store delar av samskipnaden til at NU kunne bli ein effektiv målreising-



organisasjon. Dermed gjekk det ikkje som til dømes i Wales, der det walisiske ungdomslaget, Urdd Gobaith Cymru (The Welsh League of Youth), som på mange vis er temmeleg likt NU, i mange tiår etter skipinga 1922 også var hovudorganisasjonen for walisisk målreising.

Dels er det nok eit organisatorisk uttrykk for at målrørsla aldri heilt lukkast med å få integrert nynorsken heilt ut i det kultur nasjonalistiske reisingprogrammet til norskdømsrørsla. Men det at ein i Noreg har fått det som kanskje er den største reine medlemsbaserte språkpolitiske organisasjonen i verda, er òg eit uttrykk for den rolla dei kollektive rørsle har spela i det norske folkestyret. Og det kan saktens vera noko å feira.

*Dette manuset er noko lenger enn det som vart framført.*

### Kjelder og litteratur

Sentral litteratur om historia til Noregs Mållag og Målstemna 1906. Manuset byggjer elles på ymse avisklypp frå perioden.

Almenningen, Olaf m.fl. (red.). (1981). *Målreising i 75 år.*

*Noregs mållag 1906–1981.* Oslo: Fonna forlag.

Almenningen, Olaf. (1984). *Målstrev og målvokster 1905–*

*1913. Organisering, ideologi og arbeidsoppgåver.* Oslo: Samlaget.

Almenningen, Olaf m.fl. (2003). *Studentar i målstrid.*

*Studentmållaget i Oslo 1900–2000.* Oslo: Samlaget.

Birkeland, Bjarte m.fl. (red.). (1968). *Det Norske Samlaget*

*1868–1968.* Oslo: Samlaget.

Haugland, Kjell. (1971). *Striden kring sidemålsstilen. Ein*

*studie i språk og politikk i åra 1906–07.* Bergen-Oslo-Tromsø: Universitetsforlaget.

Haugland, Kjell. (1977). Organisasjonsgjennombrotet i målarbeidet ved hundreårsskiftet. *Historisk tidsskrift,*

(nr. 1), s. 19–52.

Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902.* Oslo: Samlaget.

Os, Edvard. (1915). *Norigs maallag. 1906-1914.* Oslo: Norigs maallag.

### Studiespørsmål

1. Korleis var målrørsla organisert før konsolideringa under Edvard Os?
2. Kva tykkjer du var ulemper og føremoner med ei slik organisering.
3. Har samfunnet endra seg på noko vis dei siste åra som tilseier at målrørsla burde organisera seg annleis?